

Plan for friluftslivets ferdselsårar

Lesja kommune

LEV ANDE
Lesja

Innhald

Plan for friluftslivets ferdselsårar	1
Bakgrunn	3
<i>Stimuleringstiltak frå Innlandet fylkeskommune.....</i>	<i>3</i>
Målet og formål med planen:	3
<i>Gjennomføring av arbeidet</i>	<i>4</i>
<i>Involvering</i>	<i>4</i>
Verneområde.....	4
Allemannsretten	5
Digitalt kart.....	6
Tilrettelegging gåande	6
<i>Setervegar, stiar og tråkk.....</i>	<i>6</i>
<i>Kulturstigar.....</i>	<i>7</i>
Tilrettelegging syklende	7
Tilrettelagt for ski	8
Ferdse mellom hyttefelt	9
Gang- og sykkelveg.....	9
Traktorveg.....	9
Dagsturhytter og gapahukar	10
Pilegrimsleden	11
Turbok og digitale hjelpemiddel	12
Anbefalte tiltak.....	12
<i>I løpet av 2022:</i>	<i>12</i>
<i>2023 - 2028.....</i>	<i>13</i>



Bakgrunn

Lesja er ein kommune med store utmarksområde. Det har vært ferdsel frå dalbotn til fjellets topp i alle generasjonar, sidan utmarka har hatt stor betydning for overlevinga i tidlegare tider. Stiar og veger for ferdsel mellom stader, for jakt og fiske og for seterdrift er etter kvart overtatt av friluftsfolket som bruker området både til fots, på sykkel og sti. Samtidig skjer det ei stor utbygging av hytter i store områder med nye behov og trendar for ferdsel. For at friluftslivet framleis skal være berekraftig i forhold til miljø, økonomi og sosiale forhold, så har Lesja kommune eit behov for ein temaplan for å styre utviklinga.

Lesja kommune har behov for å lage ein plan for heile kommunen som gjerne er knytt opp mot fjellområda i dei andre kommunane i Nord Gudbrandsdalen. Kommunen ser at behovet for plan er stor i området Bjorli og ein utarbeiding av plan med hovudvekt på Bjorli.

Stimuleringstiltak frå Innlandet fylkeskommune

Innlandet fylkeskommune får gjennom «Plan for friluftslivets ferdselsårer i Innlandet» midlar frå Miljødirektoratet til at kommuner kan søke om stimuleringsmidlar. Lesja kommune søkte om midlar i 2020 og fekk innvilga kr 70.000 til arbeid med utarbeiding av plan. Målet til Miljødirektoratet er å stimulere kommunen til å utarbeide plan for friluftslivets ferdselsårer.

Målet og formål med planen:

Målet er ein vedtatt plan med oppdatert digitalt kart av dagens ferdselsårer forankra hos publikum og frivillige i Lesja kommune. Planen skal bidra til grunnlag for kommuneplanens arealdel og framtidige reguleringsplanar slik at friluftslivets ferdselsårer kan sikrast juridisk. Vidare mål er liste med anbefalte tiltak for utbetring av ferdselsårer i Lesja kommune, samt tydeleggjere lovverk og kommunens rolle i friluftslivet.

Auka fokus og tilrettelegging for friluftsliv legge opp til ei brei berekraftig effekt.

Økonomisk berekraft:

Auka attraktivitet på reisemål i Lesja kommune vil betre reiselivsbedrifters moglegheiter til å utvikle opplevingar for kommersielt sal knyta friluftslivet samt sal av utstyr mm.

Sosial berekraft ut frå:

Auka aktivitet for fastbuande gir auka livskvalitet og bulyst gjennom å fokusere på det som er Lesja sitt fortrinn, nemleg å oppleve naturen heile året gjennom ulike tilretteleggingar.

Miljømessig berekraft ut frå:

Kanalisering av ferdsel ut frå omsyn til naturen og kulturminne. Som ved å leggje til rette for opplevingar i randsona til verneområde i staden for inn i villreinens leveområde.

Gjennomføring av arbeidet

Prosjekteigar har vært Lesja kommune og prosjektleiar har vært Sigurd Alme i Lesja kommune. Solveig Brøste Sletta frå Nordveggen har bidratt i arbeidet med planen gjennom Lesja kommune sin innleie av Nordveggen AS til næringsarbeid. I tillegg har ulike andre tilsette i Lesja kommune vært involvert i forhold til arbeidet. Ressursar har vært grendeutval, idrettslag, løypelag og andre engasjerte personar.

Involvering


Prosjektet har vært rammet av restriksjonar på møtegjennomføring i forhold til korona. Oppstartsmøte for informasjons- og involvering ble haldt på Bjorli 07.april 2021. Her var grendeutval, idrettslag og løypelag invitert. Det ble informert om prosjektet i informasjonsskrivet Nytt fra Levande Lesja og på FjellPub.

Det har vært haldt bygdemøte på Lesja kommunehus for å få konkrete innspel. Det er i etterkant av dette kome inn omtrent 30 konkrete innspel som er innarbeida i planen. Hovuddelen har gått på revidering av kommunens digitale kart, der ferdselsårer har blitt justert.

I forbinding med områderegeringsplan på Bjorli er det haldt separate møter med Bjorli Utvikling AS for å ivareta løyper i utbyggingsområde.

Friluftslivets ferdselsårer prosjekter har i tillegg vært tema på kvartalsvise møter i administrativt kontaktutval for Reinheimen Nasjonalparkstyre og Sunndalfjella – Dovrefjell Nasjonalparkstyre.

Verneområde



Lesja er ein kommune med store verneområde som markert raudt i figuren over, og har ein sterk tradisjon for forvaltning av villrein som er eit av hovudformåla til nasjonalparkane.

All ferdsel i skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

Utsnitt frå kunnskapsgrunnlaget for delnorm 3, Reinheimen-Breheimen:

Fokusområde	Kommentar
Lordalen	<i>Trekpassasjene fungerer i dagens situasjon, men det må følges med på framtidig utvikling siden trekket fungerer som en forbindelse mellom områdene nord og sør for Lordalen, og mellom Lordalen og områdene lengre vest og sørvest i Skjåk kommune.</i>
Slådalen	<i>Vei, kraftlinje og ferdsel som kan føre til trekkhindring og fungere som en flaskehals for områdene øst for Slådalsvegen.</i>
Asbjørnsdalen	<i>Området har en viktig funksjon som trekkområde for at villreinen skal få utnyttet beitearealer i større dele av Reinheimen. Det er viktig å holde fokus på trekpassasjen i fremtiden.</i>

Utsnitt frå kunnskapsgrunnlaget for delnorm 3, Snøhetta:

Fokusområde	Kommentar
Baklihaugen og Søre Dalsida	<i>Viktig og sårbart vandringsområde mellom øst- og vestområdet. Ikke funksjonelt trekk siden 90-tallet pga. veg, hytter og ferdsel.</i>
Kvitmyrin	<i>Trekpassasje høst og senvinter/vår. Bukkene beiter ned mot Kvitmyrin på senvinteren. Observasjoner av trekk om høsten. Veggen brøytes inn til Kvitmyrin i vinterferie og påskeferie, åpner i slutten av mai. Usikker på mengde trekk på 60-70-tallet.</i>
Aursjøen, Gåsbue	<i>Aurautbyggingen på begynnelsen av 1950-tallet demte bla. ned en trekpassasje ved Gåsbuosen. Det er sporadiske observasjoner av bukk på trekk vår og senhøst. Usikker på mengde trekk på 60-70-tallet.</i>

Skamsdalen - Lesjøen	Ferdseil mellom Skamsdalen og Lesjøen påvirker trekket noe. Trekket er fortsatt intakt. Viktig område for vandring mot vest, mot øst og inn på Hjerkinplatået.
Lesjøen - Leirsjøetelet	Ferdseil begrenser trekket i barmarksperioden. Viktig område for vandring mot vest, mot øst og inn på Hjerkinplatået.
Bjorli	Vintersport og løyper som berører villrein, mindre ferdsel sommerstid. Planer om å utvide heisanlegg, inkl. gondol, til fjellet "Toppen", samt flere fritidsboliger. Må følge utvikling framover.

Allemannsretten

Ein viktig del av kulturarven vår er å vere ute i naturen. Vi kan hauste av naturen – ikkje berre saltvassfisk, bær, sopp og blomstrar, men og rekreasjon ved inntrykk og opplevingar. Hovudprinsippa i allemannsretten er lovfesta i friluftslova (1957). Kommunen rettleiar og utførar saksbehandling etter friluftslova, samt at ein er plikta til å fremje innbyggjarane si interesse for friluftsliv.

Allemannsretten gir ikkje berre rettar, det følgjer også pliktar. Når du nyttar allemannsretten, skal ferdselen gå føre seg varsam og med omsyn.

Forskjellen på innmark og utmark. Enkelt forklart er innmark område som gardsplass, hustomt, hage, industriareal, dyrka mark og liknande areal der allmenn ferdsel vil vere til bry for eigaren av grunnen. Utmark er alt som ikkje er innmark, og omfattar det meste av skog, fjell, myr og strand.


Allemannsretten gjeld i utmark. Der kan du:

- ferdast fritt til fots og på ski
- raste og overnatte
- ri eller sykle på stiar og vegar
- bade, padle, ro og bruke seglbåt
- plukke bær, sopp og blomstrar
- fiske fritt etter saltvassfisk

Digitalt kart

Oppdatert ferdselsårar ligger i kommunens digitale kartløyising og kan sjåast på følgande side:

- [Lesja kommune](#) – Digitalt kart
 - I venstre marg vel ein framvising ved å klikke på turkart, eller på enkelte typar ferdselsårar ein vil ha framvising på; Fotruter, Sykkelruter eller Skiløyper.



Dersom endringar vert gjort på stiar eller ruter, eller om nokon ligger feil i kartet meld i frå til Lesja kommune. Den digitale kartløyisinga er dynamisk og kan oppdaterast fortløupande.

Den digitale kartløyisinga som visar ferdselsårar skal brukast av all saksbehandlar i Lesja kommune. Dette sikrar at kommunen brukar oppdatert informasjon, og gir høve til omsyn av friluftslivet og ferdselsårane.

Tilrettelegging gåande

Det er over 100 registrerte ferdselsårar i Lesja kommune, frå korte nærturar ved bustadfelt til lange over fjellheimane.

Ferdselsårane kan delast inn i følgande kategoriar:



Setervegar, stiar og tråkk

Mellom gardsbruk og deira tilhøyrande setre er det i tidlegare tider bygd veger, nokre er ikkje lenger i bruk som setervegar, men er som flotte tilrettelagte turmoglegheiter.

Det er mange stigar å finne gjennom heile Lesja kommune. Stigane vert vedlikehalden av grendelag, idrettslag og lokale turgåarar. Samt Lesja har eit aktivt beitebruk som hjelper å halde mange av tråkka opne.

Over skoggrensa går dei fleste stigar meir eller mindre tydelege til fiskevatn, fjelltoppar eller utsiktspunkt.

Kulturstigar

Lorkverna med stignettverk er eit levande industrihistorisk kulturminne som er restaurert av Lesja historielag. Her kan du sjå og oppleve korleis vatn har vore nytta til drift i ulike arbeidsprosessar frå gammalt av. På Lorkverna er eit møllebruk med tørrstugu, ei vadmålstampe, møllarstugu, stall og smie mm. Hovudturstien er godt eigna for barnevogn og terrenggåande rullestol.

Lesja kommune har i samarbeid med Lesja fjellstyre natur- og kulturstig på Dalsida i Lesja. Den har 24 poster fordelte over 10 km som presenterer naturfaglege og kulturhistoriske tema.

- Stigen er ei vandring gjennom historia til fjelldalen og syner korleis menneske og dyr har levd i samspel med omgjevnadene. Dei eldste spora etter menneske er 5500 år.

Lesja kommune har ansvar for stigane til dagsturhyttene Tussheimbue og Rånåbue med informasjon om verneområde og villrein, samt trefigurar av ville og tamme dyr som ein man kan treffe på i naturen.

Det er ein kultursti med tema jernverket på Lesjaverk, Gruvli.

- Kulturstigen i Gruvlie går forbi dei største gravene som leverte malm til Lesja jernverk. Den 8 km lange runda gjev deg kunnskapar om gruvedrift og ei flott naturoppleving. Avkjøring 5 km vest for Lesjaverk.

Det er ein tilrettelagt sti i Aurtandefeltet med informasjonstavler. Kulturminnefelt består av ei rekke gravminne, fleire hustuffer, ca. 2-300 rydningsrøyser, åkerreiner og andre dyrkingsspor.

Tilrettelegging syklande

Sykling kan gå føre seg på traktor-, bilvegar, gang/sykkelvegar og stiar. I tillegg er det fleire stigar og langrenns trasar som også vert brukt til sykling. Flat dalbotn, tørt klima og hovudvekt av barskog i Lesja kommune gjer det lett vint og fint å ferdast på sykkel.



Nasjonalparkriket har hatt ein satsing på sykling. Gjennom det prosjektet er Lesjaskogvatnet rundt marknadsført i tillegg til fleire ruter på tilrettelagt veg.

Det er ikkje lov å sykle i nasjonalparkane. I nasjonalparkane og verneområde er elsykkel definert som motorisert ferdsel, dette gjelder også når motoren er avslått. Du kan ikkje bruke elsykkel på stinettet i verneområda eller på vegar som er stengt for motorisert ferdsel. På vegar der det er lov å køyre bil kan du også bruke elsykkel.

Elektrisk sykkel inngår ikkje i allemannsretten til å ferdast i utmark.

Tilrettelagt for ski



Skiløyper oppkøyr av Bjorli Lesja løypelag:

Løype	km (avrunda)
Sygarðsløypa	2
Bakkeløypa	6
Morkenløypa	8
Nystuguberget	8
Brøstdalen	14
Rånåkollen	15
Einbuløypa	12
Kongelberget rundt	13
Fjelløypa	13

Skiløyper oppkøyr av idrettslag, grendelag eller trakka opp av jamn ferdsel:

Lysløype Vidflotten	4
Vidflotten - Svarttjønn	11
Årbogen	13
Gruvliløypa	8
Torløypa	20
Myrin	6
Lesjaskogsvatnet sør	10
Bryggeosen - Tandersæterosen	6
Skråkkleie	9
Lesjaskog lysløype	3
Nordmoløypa	5
Lorkverna nord	3
Lorkverna sør	1
Grønfossen	3

Rundløype Lesja bustadfelt	3
Vassvegen Lesja bustadfelt	2

Til saman er det nesten 200 km med tilrettelagt langrennsløyper i Lesja kommune om det er gode snøforhold.

Lesja kommune har per i dag tilskotsordningar for oppkøyring av skiløyper. Vest i bygda er det Bjorli og Lesja løypelag som står for vedlikehald og utvikling av løypenettet. Medan det i grendene austover er grendelag og eldsjeler som vedlikehalde traseane.

Ferdseil mellom hyttefelt

Det er eit aukande behov for tilrettelegging og fokus på ferdselsårar mellom hyttefelt og til sentrum. I reguleringsplanar og arealplanar er det viktig at kommunen sikrar areal for ferdsel.

Hyttefelt nærliggjande skianlegget på Bjorli har ski inn/out for å legge til rette for lett ferdsel på vinterstid til og frå skianlegget. Td: Kommunen har bygd skibru i Bjorlia hytteområde ved hjelp av næringsfond og grønefond.

Fleire hyttefelt har gjort mindre tilretteleggingar for å gjere gangferdsel lettare og raskare. Det er ei vaksande utfordring at ferdande til fots mellom hyttefelt skapar stigar over hyttetomter og tett på enkelte hytter der det ikkje er regulert eller tilrettelagt for ferdsel.

Gang- og sykkelveg

Det er opparbeida gang og sykkelveg langs Europaveg 136 frå Dombås til Søreibu (midt mellom Lesjaskog og Bjorli). Det arbeidast med fullføring av gang og sykkelvegen til Bjorli. Statens vegvesen skal i 2023 bygge ut strekninga Søreibu – Kjønnsletten.

Kommunen sikrar areal til gang- og sykkelveg ved regulering av areal i detaljregulering og kommuneplan.

Traktorvegar

I forbindelse med jord- og skogbruksdrift er det bygd mange driftsvegar i heile Lesja kommune som er flotte for ferdande til fots og på sykkel.

Døme:

- Lesjaleira - landbruksområde
- Sør sida av Lesjaskogsvatnet - skogsområdet

Dagsturhytter og gapahukar

Det er oppført dagsturhytte med utsikt over dalbotnen på Rånåbue (2022) ved Bjorli og Tussheimbue (2019) ved Lesja.



Foto: Rånåbue av Sigbjørn Skogset.



Foto: Tussheimbue av Krsitin H.Hæreide.

Det er ført opp mange gapahukar i Lesja kommune ved turmål for både sommar og vinter.



Foto: Foto frå Brøstdalsløypa av Solveig Græsli.

Det er mange gapahukar som ikkje er kartfesta, utanfor dei vanlege ferdselsårane. Ein ynskjer å få kartfesta alle gapahukar i kommunen for å synleggjere dei til offentlegheita.

Pilegrimsleden

Valldalsleia - pilegrimsleia frå fjord til fjell



Foto: Langs Gamle Konge veg, Lesjaverk, av Solveig Græsli.

Sjølve Valldalsleia går frå Sylte i Norddal kommune, opp Valldalen til Grønningsæter, gjennom vakre Reinheimen nasjonalpark og vidare ned til Rånå/Bjørli, gjennom heile Lesja og inn til Dombås sentrum. Frå her går leia opp til Fokstugu på Dovrefjell, der den koplars seg inn på Gudbrandsdalsleia vidare mot Trondheim og Nidarosdomen.

Turbok og digitale hjelpemiddel

Lesja kommune har trykt På tur i Lesja i to opplag. Dette er en gratis brosjyre som er svært populær og som brukast som oppslagsverk samen med appane Outtt og ut.no. Brosjyrane kan hentast i Kommune resepsjonen i Lesja sentrum og i fleire næringslokale i Lesja kommune. Digital versjon ligger her:

- https://issuu.com/lesjakommune/docs/p_tur_i_lesja_lr

Lesja kommune har dei siste åra arrangert turkonkurranser ved appen trimpoeng, som eit tiltak for å aktivisere lokalbefolkning og besøkande i kommunen. Det går ut på at ein får poeng for kvart turmål ein besøker, og turmål har forskjellig poengsum vurdert etter lengde og høgde.

Det er kome ynskje frå fleire på Bjorli om kart som visar alle tur moglegheitene i heile området. Det er derfor aktuelt å sjå på moglegheit for å få til et kart med Bjorli i sentrum. Utarbeiding av kart kan kvalifiserer for spelemidlar, men konkrete planar for dette er ikkje gjort per i dag.

Grøne midlar

I Lesja vert det oppretta eit grønt fond etter kvart utbyggingsområde som vert regulert, hovudsakleg fritidsutbygging. Dette fondet skal vere med å sikre finansiering til ferdselsårar, leikeplassar, brygger, og andre grønne tilretteleggingar for allmenta. På Bjorli har kommunen hatt grønne fond sidan 2007. Bjorli er kommunens største fritidsdestinasjon og det er nødvendig med tilrettelegging av grønne tiltak for å kunne bygge så mykje og konsentrert. Kvart år vert det utbetalt og gjeve tilsegn til ulike investeringar innan grønne tilretteleggingar.

I åra fram til 2028 bør følgande tiltaka på Bjorli prioriterast:

Tilrettelegging av grønne element i sentrum av Bjorli
Sikre gang- og sykkelveg, stigar og grønne areal i arealplanar
Utbetre og opprette gang- og sykkelveg, som samanhengande veg frå aust
Friluftsparken Bjorli (Bjorli aktivitetspark)
Planfri kryssingar av skiløyper
Utviding av skiløypenett dersom Bjorli Lesja løypelag til rette legger
Ny p-plass ved Rånåbue og ny sti til denne
Ferdselsårar mellom hyttefelt og mot utmark
Leikeplassar
Tilrettelegging for sykkel
Oppgraderingar av dagens skiløyper og turnettverk

**Gjennomføring av tiltak avhenger av initiativ og finansiering.*

Anbefalte tiltak

Den viktigaste aktøren i friluftslivet er dei frivillige.

Tiltaka lista under er identifiserte tiltak som burde utførast for å auke kvaliteten på ferdselsårene og friluftslivet i Lesja kommune. Ansvar for utføring av tiltak er ikkje satt, Lesja kommune ynskjer å støtte opp under lokale initiativ.

I løpet av 2022:

Turstiar:

Oppdatering av ferdselsårar i digital kartløyning.

Skilting av stiar ved Lesjaskogsvatnet og Bjorli.

Gjennom prosjektet friluftslivets ferdselsårer har det blitt avdekka eit stort behov for oppgradering og synleggjering av ferdselsårane på Lesjaskog og Bjorli i samband med grendelaga. Lesja kommune har kjøpt inn skilt medan grendelaga står for oppføring og vedlikehald.

Sykkel:

Oppdatering av ferdselsårar i digital kartløyning.

Kartlegge kva stiar som kan profilerast som sykkelstiar der sykkel ikkje er til hinder for landbruksaktivitet, miljøkvalitetar eller gåande.

Ski:

Oppdatering av ferdselsårar i digital kartløyning.

Arbeide vidare med å knyte oppkøyrt skiløyper saman til lenger løyper, og justering eller til rette legge trase på eksisterande løyper til å bli meir brukt.

For alle tiltak:

Organisere arbeidet angående samarbeidsselskap for vidareutvikling av ferdselsårar på Bjorli. Eit selskap som kan eige anlegg og søke på offentleg og privat finansiering.

Potensial for utvikling av ferdselsårer og samankoplingar.

- Bistå initiativtakarar til dialog med grunneigarar.

Sentrumsutvikling

- Bidra inn i arbeidsgruppe for Bjorli sentrum, Lesja sentrum og Bjorli friluftspark.

2023 - 2028

Til rette legge ny sti opp til Rånåbue, samt utarbeide parkeringsplass med utedo.

Føre opp utedo langs stien til Tussheimbue.

Delta i møte med frivillige og frivillighetssentralen ved ynskje/behov.

Arbeide vidare med delar av løypenettet for ski som kan utviklast vidare og bli tilrettelagt for sykkelløyper.

Revidering av retningslinjer for løypetilskot og vinteraktivitetar.

Arbeide vidare med utbetring av skilting av eksisterande ferdselsårer.

Arbeide vidare med delar av skiløypenettet som kan justerast til meir gunstige område med tanke på snøforhold og villrein.

Kartlegge alle gapahukar og synleggjere dei i kommunens digitale kartløyning.

Aktivt bidra i prosesser for tilskotsordningar, fremme informasjon om grønne midlar og utbyggingsfond. Søke tilskot for utbetring av ferdselsårer mm som er knytt opp mot formidling, td: kulturstiar Gruvlia og Dalsida.

Gjennom formidling promotere opplevingar ved ferdselsårer knytt opp mot dagsturhytter, kulturminne og naturverdiar. Td: Rånåbue, natur og kultursti Dalsida, kultursti Gruvlia og Lorkverna.

Arbeide med ferdselsårar mellom hyttefelt til sentrum på Bjorli, og grønne "lunger" i sentrum av Bjorli samt sikre areal til gang- og sykkelveggar og ferdselsårar i kommuneplananes arealdel.

Revidering av stønad til Bjorli Lesja løypelag.

Revidering av Friluftslivets ferdselsårer i Lesja kommune ved utgangen av perioden.

Vedlegg:

1. Kart med framvising av eksisterande ferdselsårer